

# Årsrapport 2022



JÆRMUSEET

**Jærmuseet**  
**- møteplassen mellom natur, kultur og teknologi som forvaltar fortida – fangar samtida – formar framtida**

# STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2022

## OMTALE AV VERKSEMDA

Stiftinga Jærmuseet blei skipa i 1985 og er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

I 2003 blei Jærmuseet eitt av seks regionale vitensenter utpeika av Kunnskapsdepartementet; i dag eitt av tretten. I 2008 blei Jærmuseet, saman med tre andre museum, ein del av Kystverkmusea – etatsmuseet for Kystverket.

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling.

I 2021 vedtok styret i Jærmuseet ny strategiplan for perioden 2021 - 2025.

Museet sitt overordna mål er å utvikla samfunnsrolla slik at publikum opplever Jærmuseet som relevant, aktuelt og utfordrande, og oppmuntra til vidsyn og tvisyn.

Prioriterte tema for Jærmuseet er:

- Nyare landbrukshistorie, samtidsdokumentasjon av det moderne landbruket, og landbruksrelatert industri.
- Kystverket sitt virkefelt og moderne havbruk
- Regional industrihistorie
- Sandnes si byhistorie
- Militærhistorie og sivil luftfart, med utgangspunkt i aktivitetar knytt til Sola flyplass
- Tema som har relevans og tilknyting til Arne og Hulda Garborgs liv og virke.

## Innhald:

- Styret si årsmelding for 2022 [side 3]
- Avdelingar og anlegg [side 4–6]
- Hovudresultat i 2022 [side 7–9]
- Forsking [side 10–11]
- Forvaltning [side 12–13]
- Økonomi og administrasjon [side 14–15]
- Organisasjon og administrasjon [side 16–17]
- Besøkstabell [side 18–19]
- Opne publikumsarrangement [side 20–21]
- Rekneskap [side 27–34]



Personalalet var på tur i Limaheia bak Limagarden. Her er dei samla framføre den gamle høyloa.

Foto: Elisebet Rugland / Jærmuseet



← Kirsebærtrea  
i blomst utanfor  
Vitenfabrikken.

Foto: Elin Ravndal  
Bell / Jærmuseet

→ Limagarden sett  
frå lufta.

Foto: Hans-Arvid  
Grødeland /  
Jærmuseet



Bunkersen i Hanabergs-  
marka ved Vitengarden.

Foto: Jærmuseet



I planperioden legg Jærmuseet særleg vekt på  
desse arbeidsområda:

- Samfunnsrola og samfunnsoppdraget
- Forsking og kunnskapsutvikling
- Relevant formidling
- Samlingsutvikling og trygg ivaretaking
- Forankring
- Forretning
- Organisasjonsutvikling

Jærmuseet er både museum og vitensenter. I  
utstillingane våre legg me derfor vekt på å knytta  
installasjonar og eksperiment til regionen si historie  
og tema som er forankra i strategiplanen, slik at  
Jærmuseet blir ein møtestad mellom natur, kultur  
og teknologi, mellom fortid og nåtid.

## AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2022  
driftsansvaret for 65 kulturhistoriske bygningar,  
50 284 gjenstandar, 196 680 foto og 523,45  
hylrometer privatarkiv. Det er ein tilvekst på 43  
gjenstandar, 27 foto og 4,37 hylrometer privatarkiv.  
Stiftinga Jærmuseet eig fleire anlegg, alle lokalisert  
i Hå kommune, mellom anna Vitengarden med  
Kvia 4H- og museumsgard og Audamotlandstunet.  
Her ligg òg administrasjonsbygg og underjordisk  
magasin. Museet eig i tillegg ei halmluta (lager) på  
Refsnes.

I tillegg forvaltar museet ei rekke bygningar og  
anlegg i kommunal eige, og leiger to lagerbygg i  
privat eige.

Per 31.12.2022 hadde Jærmuseet driftsansvaret for  
desse museumsanlegga og besøksarenaene:

- Administrasjonsbygg og underjordisk magasin,  
Nærø

- **Vitengarden**, Nærø, med museumsgarden Kvia 4H  
gard og den historiske garden Audamotland.

- **Vitenfabrikken**, Sandnes, med Krossens  
havremølle, det historiske tunet Tranegården på  
Austrått, snikkarverkstaden på Vagle og fleire  
kvernhus.

- **Science Circus**, Jærmuseet sitt ambulerande  
vitensenter som oppsøker skular i heile Rogaland.

- **Hå bygdemuseum** med gjenstandssamling, Varden  
Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødalstrand,  
Motlandsmia, tre naust og ei kvern på Nord-  
Varhaugstranda.

- **Gjesdal bygdemuseum** med samlingar,  
Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk, eit  
bakstehus, ei kvern og ei utløe.

- **Klepp bygdemuseum** med samlingar, eit skulehus  
og eit folgehus på Haugabakka.

- **Randaberg bygdemuseum** sine foto- og  
gjenstandssamlingar og Vistnestunet.

- **Tungenes fyr**, inkludert Sjøbruksmuseet i  
Tungevågen.

- **Nasjonalt Garborgsenter**, samlokalisert med Time  
bibliotek på Bryne.

- Forfattarheimane til Arne Garborg, **Garborgheimen**  
og **Knudaheio** i Time.

- **Flyhistorisk Museum Sola**, med foto- og  
gjenstandssamling, Flyhangaren og 720-brakka og  
**Torpedoverkstedet**, i Sømmevågen, Sola.

- Jærmuseet forvaltar det statlege kulturminne- og  
friluftsområdet **Hanabergsmarka** på 670 da i Hå.




Vitengarden,  
4H-garden og det nye  
administrasjonsbygget  
til Jærmuseet.

Foto: Rune Helliesen /  
Jærmuseet



Arne Garborg  
si diktarstove,  
Knudaheio.

Foto: Jærmuseet



Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard (HGP) til museumsstatistikken. HGP mottar årleg tilskot frå staten gjennom Jærmuseet.

Jærmuseet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane. Me vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv samhandling med vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkinga.

**2022 – Eit år der covid-19 slapp taket**  
2022 vart året då Jærmuseet meir eller mindre kunne gå tilbake til ordinær drift etter koronapandemien. Det var vanskeleg å budsjettera for 2022. Me har i all hovudsak fått eit betre resultatet enn budsjettet skulle tilseia, mykje på grunn av større besök enn forventa. Januar og februar var fortsett prega av restriksjonar. Skulebesøket kom ikkje heilt i gang desse første to månadene. Første halvår var òg prega av ein noko laber utelegeperiode, men aktivitetten tok seg kraftig opp hausten 2022. Generelt har sommaren og hausten vore travel for personalet vårt, og det er godt å vera tilbake igjen på normalnivå.

Det første tilnærma normalåret etter pandemien viser att i besøksstatistikken. Jærmuseet hadde totalt 183 772 gjester i 2022, ein auke på nesten 50 000 frå 2021. Av dette var nærmare 45 000 barn og unge i organiserte opplegg. Det er me stolte av! Samla besök på vitensenteravdelingane var 132 000.

Framtida inneber ein meir digital kvardag for både dei tilsette og dei besøkande. Dette er det viktig å vera godt rusta for. Museet har i 2022 tatt i bruk nye digitale verktøy og fått på plass ein ny IT-sikkerhetsplan.

Me fortset å fylla rolla vår som regionalt vitensenter for heile Rogaland med besök i heile fylket.

Me har fått gjennomført fleire store vedlikehaldsprosjekt, blant anna på nokre av fasadane på Krossens Havremølle i Sandnes. Kulturrådet gir stadig gode tilbakemeldingar på at sikringsarbeidet i Jærmuseet er av veldig høg kvalitet. I 2022 fekk me montert sprinklaranlegg på Vistnestunet i Randaberg, og me har starta arbeidet med ein overordna plan for restverdireddning.

Jærmuseet fekk godkjend sin første doktorgradskandidat i haust. Førstekonservator Anne Jorunn Frøyen disputerte for ph.d.-graden ved Universitetet i Agder med avhandlinga «*Fyll jorden og legg den under dere». Jordbruk, gift og natur i Norge frå 1875 til 1995.*

«JÆRMUSEET FORMIDLAR KUNNSKAP GJENNOM OPPLEVING, DELTAKING OG UTFORSKING. FORMIDLINGA I JÆRMUSEET SKAL OPPLEVAST SOM RELEVANT, AKTUELL OG UTFORDRANDE, OG SKAPA ENGASJEMENT, UNDRING OG REFLEKSJON HOS BREIE PUBLIKUMSGRUPPER.»

## HOVUDRESULTAT I 2022

### FORMIDLING

Jærmuseet har 13 museumsanlegg opne for publikum, av desse er Vitenfabrikken, Vitengarden og Garborgsenteret heilårsopne.

I 2022 var me tilbake til same aktivitetsnivået som før pandemien, om enn med ein litt treig start på året. Garborgdagar i januar måtte nedskalera programmet grunna innstramming av smittevernreglane like før jul. Den planlagde feiringa av Hulda Garborgs 160-årsdag vart utsett til september. Gleda var likevel stor over å ikkje måtta avlysa litteraturfestivalen endå eit år.

### UTSTILLINGAR

**Astronomi**, som handlar om romfart og astronomi, opna på Vitenfabrikken i desember. Utstillinga vil stå som ein del av basisutstillinga, godt støttå av det faglege innhaldet i planetariet. Utstillinga er både utvikla og bygd av Vitenfabrikken sjølv, og er ei unik utstilling som det ikkje finst maken til i landet.

**Holocaust** i Rogaland blei opna på Torpedoverkstedet i haust, som del av utstillinga «Fortellinger fra andre verdenskrig». Utstillinga tar føre seg livet til ein jødisk familie som budde i Stavanger under andre verdskrig. Med forteljingane på Torpedoverkstedet ønskjer Jærmuseet å skapa nærliek og visa konsekvensane av krigen på eit personleg plan.

Jærmuseet markerte **Skeivt kulturår** med ei friluftsutstilling på Haugabakka i Klepp. Fotoutstillinga viser bildeminne frå familiealbumet til forfattar Torvald Tu og sambuaren hans, pianisten Trygve Stangeland. Utstillinga vert ståande i 2023 òg.

Vitenfabrikken viste vandreutstillinga **Klimabrølet**, der innbyggjarar blei oppfordra til å brøla for klimaet.

På Vitenfabrikken opna ei **luktutstilling** om dei tre små grisene. I utstillinga var det forskjellige luktstasjoner for å gje fortellinga ein ny dimensjon. Læringsmiljøsenteret ved Universitetet i Stavanger var samarbeidspartner og dei nyttja utstillinga som ein forskningsarena for å sjå korleis lukt forsterkar historieforteljinga for forskulebarn.

Jærmuseet var prosjektleiar for Kystverkmusea si utstilling om den statlege **oljevernberedskapen** som hadde 50-års jubileum i 2022.

**Vassdansen** blei opna på Vitengarden. Det er ei programmerbar vassfontene, der publikum kan bruka koding for å laga ein eigen vassdans.

**Insektsvennleg bed** blei opna på Vitengarden. Her får gjestene kunnskap om kva me kan gjera for å betra levekåra for insekt, og kva artane betyr for miljøet vårt.

Fotoutstillinga **Eg er naboen din** opna på Garborgsenteret og Time bibliotek i haust. Prosjektet har som mål å fremja eit varmare og meir inkluderande nabølag.

Også i år vart det rydda plass for **Øglænds juleutstilling** på Vitenfabrikken. I 2022 vart nisseutstillinga ytterlegare renoverert, og det blei lagt til fleire element knytt til fornybar energi.

Endeleg kunne me samlast fysisk til mange arrangement. Stemninga var stor under Fordjupingsmeisterskapen på Garborgsenteret.

Foto: Ørjan Zazzera Johansen / Jærmuseet



← I 2022 vart Rikssamlingsjubileet markert i regionen. Jærmuseet var med på hovudarrangementet, og hadde aktivitetar i Sømmevågen.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

→ Over 300 elevar ved Gjesdal ungdomsskule var med på Kodekveld på Vitenfabrikken.

Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet



## FORMIDLING TIL BARN OG UNGE

Jærmuseet kjenner eit stort ansvar når det gjeld formidling for barn og unge. I 2022 deltok 44 200 barn og unge i organisert formidling, av desse fekk om lag 1600 eit digitalt tilbod. Talet på barn og unge som har deltatt i organiserte formidlingsopplegg i 2022, er nesten på nivå med eit normalår før pandemien. Med tanke på at me framleis hadde restriksjonar i januar og februar, er me godt nøgde med dette. Den siste tilgjengelege museumsstatistikken (2021) viser at Jærmuseet stod for om lag 10 prosent av det samla talet av barn og unge i organisert formidling i museums-Norge, noko med er stolte av.

Dei fysiske tilboda omfattar undervising, SFO, sommarskule, feriekubar, aktivitetar i haust og vinterferie, talentsentralar med meir. I alt tilbyr me nærmare 250 ulike formidlingsopplegg frå barnehage- til universitetsnivå.

Jærmuseet har også gjennomført helgearrangement som matematikk-konkurransen for vidaregåande skular, Kodeknekkeren, Kodekrafthelg og -dagar, Barnas Ingeniørdag, Girl Tech Fest og First Lego League.

### Til elevar i heile fylket

Som regionalt vitensenter for Rogaland, har Jærmuseet eit ansvar for å nå skular i heile fylket. Jærmuseet sitt omreisande vitensenter, Science Circus besøkte 20 av 24 Rogalandskommunar i 2022 og gav eit tilbod til nesten heile fylket. Dei kommunane som ikkje fekk besøk i 2022, hadde besøk i 2021. Sjølv om starten av 2022 blei sterkt prega av covid-19 gav Jærmuseet oppsøkande tilbod

til 10 309 elevar og 1915 vaksne. Av desse var det 729 lærarar som deltok på kurs.

Vitengarden, Vitenfabrikken og Garborgsenteret når også elevar frå mange kommunar. I 2022 arrangerte Jærmuseet i alt 38 læarkurs med 1179 deltagarar.

### Digitale formidlingstilbod

Formidlingstilbodet Kodekraft, som er eit programmeringsopplegg for 10. trinn finansiert av Equinor, har halde fram i 2022. Jærmuseet har elles eit tilbod om digitale undervisningsopplegg til skulane. Desse tilboda har blitt godt mottatt i periodane med strenge smittevernrestriksjonar.

Ei hovudsatsing i perioden 2018–23 er *Den teknologiske skulesekken med super:bit*. Denne nasjonale satsinga på koding og programering i skulen er finansiert av Utaningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet. Tilboden skal ut til alle skular i heile landet. Frå hausten 2019 til desember 2022 har alle offentlege skular i Rogaland fått tilbod om dette, 156 av 168 skular har takka ja. 6976 elevar og 606 lærarar har fått eit tilbod på skulen, eller på eit av Jærmuseet sine anlegg.

Det er i samband med Makerspace og Idéverkstedet produsert 11 instruksjonsvideoar som ligg fritt tilgjengeleg på YouTube. Desse gir sjåarane blant anna rettleiing i å bruka ulike verktøy og programvare knytta til skaparaktivitetar.

### Talentsenter

I alt 301 elevar frå heile Rogaland har fått plass på talentsenteret i 2022. Elevane er fordelt på 5.–7. trinn, 8.–10. trinn og VG1–VG2. Det har blitt

gjennomført 24 samlingar over to dagar. Samlingane har vore fysiske og gruppene er delt inn etter alder og geografi. To av sju grupper har vore gjennomført på Haugalandet.

I løpet av året har ein samarbeidd med ulike institutt ved Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og forskar ved Lunds Universitet i Sverige. I tillegg har ein samarbeid med ulike private norske og utanlandske fagmiljø.

**Særskilde formidlingsopplegg, samarbeid med UiS:** I samarbeid med UiS gjennomfører Jærmuseet ei årleg «krigsveke» for om lag 60 lærarstudentar ved Samfunnsfag 2. Oppleget formidlar lokal militærhistorie, frå første verdskrig til den kalde krigen, som strekker seg over fem dagar og i 2022 var det sjuande året Jærmuseet deltok.

### Anna formidling til barn og unge

- Vitengarden, Vitenfabrikken og Garborgsenteret tilbydde særskilde tema-aktivitetar i vinterferien og haustferien med god oppslutning. I samarbeid med dei respektive kommunane har Jærmuseet også i 2022 hatt feriekubar på Grødalstrand, Limagarden, og Vistnestunet.
- Fleire av museet sine avdelingar er arena for ulike arrangement eller konkurransar for ungdom. Endeleg kunne mange av arrangementa igjen haldast fysisk. Den årlege Fordjupingsmeisterskapen i norsk for vidaregåande, blei gjennomført på Garborgsenteret med fullsett auditorium. Matematikk-konkurransen «Kodeknekkeren» for vidaregåande skular blei gjennomført på Vitenfabrikken, det same blei den regionale finalen i First Lego

League. Me var vertskap for Girl Tech Fest på Vitenfabrikken. Super:bit-delfinalen og Kodekraft-helg blei arrangert på Vitengarden.

- Ni skular i Rogaland er med i Lektor 2-ordninga, der Jærmuseet har koordinatorrolla.
- Institusjonar for personar med særskilte behov kan kjøpa velferdskort. Kortet blir flittig brukt på fleire anlegg. Jærmuseet er også med på ordninga med følgjeprov for funksjonshemma og kommunale aktivetskort. Desse gir gratis inngang fleire gonger i løpet av året til barn og unge i familiar med låg inntekt. Hovudmålet med aktivetskortet er å bidra til inkludering og utjamning av sosial ulikskap.
- Friluftsdag for personar i heile Rogaland med ulike funksjonshemmingar vart halde i samarbeid med Hå kommune.
- På Limagarden starta dagtilboden til personar med demens opp igjen.

## DELTAKING EKSTERNE ARRANGEMENT:

Jærmuseet legg vekt på aktiv deltaking i ulike eksterne arrangement, både i stiftarkommunane våre og andre stader der det er naturleg å bidra. I 2022 har talet på slik tilskipingar tatt seg opp. Me har delatt aktivt under Rikssamlingsjubileet-arrangement i Sømmevågen og Stavanger i juni, på Tomatfestivalen på Finnøy, Kapittelfestivalen i Stavanger og Jorddøgn litteraturfestival i Time. Me deltok også blant anna på Forskingsdagane, Jæren mat- og vinmesse og Oslo skaperfestival. I mai vart Garborgsenteret invitert til Nordic Talking Festival i Gdynia, Polen.

Jærmuseet skal styrka forskinga og kunnskapsutviklinga i organisasjonen med vekt på samtid og nær fortid, gjennom prosjekt med internasjonal, nasjonal og regional relevans, og auka den vitskaplege og faglege kompetansen i staben.



← →Anne Jorunn Frøyen gjennomførte ein vellukka disputas ved UiA.

Foto: Jærmuseet



## FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

### EIGEN KUNNSKAPSPRODUKSJON

Jærmuseet har dei siste åra arbeidd systematisk med å auka den faglege og vitskaplege kompetansen i organisasjonen, ved at medarbeidarar deltar i dokumentasjons- og forskingsprosjekt, eller i etter- og vidareutdanning.

Jærmuseet har i 2022 hatt to PhD-prosjekta:  
• «**Fyll jorden og legg den under dere». Jordbruk, gift og natur i Norge frå 1875 til 1995**. Prosjekta starta i mars 2017 og har vore knytt til UiA. Ein vellukka og vel gjennomført disputas fann stad i Kristiansand 2. september 2022.

• «**For våre kamerater: En studie av den kalde krigen gjennom flygerenes narrativ**». Prosjekta er i rute og er knytt til NTNU. Det strekker seg over perioden 2020–2023.

Ein minnebank er etablert som del av det sistnemnde doktorgradsprosjekta. Minnebanken består av forskingsintervju, notat frå samtalar, biletmateriale, og andre private minne og dokument frå flygarane sine eigne samlingar. Kortfatta personomtalar av flygarane blir lagt ut på heimesida til Jærmuseet. Ph.d.-prosjekta har òg blitt presentert for Luftkrigsskolen, NTNU og Kulturdepartementet.

Doktorgradskandidatare har halde fleire föredrag om sine forskingstema, mellom anna med

godkjende «paper» på internasjonale konferansar i regi av European Society for Environmental History (ESEH), Agricultural History Society og Nordisk historikermøte. Dei har deltatt på workshop i regi av forskingsnettverket Deadly Dreams, gjennomført fagfellevurdering av artikkel for Norsk museumstidsskrift, og presentert ph.d.-prosjekta på museums forbundet sin årlege forskarkonferanse.

Konservatorane fekk godkjent «paper» til den internasjonale plastkonserveringskonferanse i Italia. Her vart det halde to presentasjonar knytt til arbeidet med konservering av gummiflåten frå Heinkel-flyet på Flyhistorisk Museum Sola. Ein tilsett har fått autorisasjon som konservator NMF i 2022. Ein tilsett har fått autorisasjon som første-konservator NMF i 2022.

### LOSHISTORIE

Antologien *Norsk loshistorie 1720–2020* blei gitt ut på Museumsforlaget i februar 2022 og lansert i Ålesund, Bergen og Stavanger i mars same år. Forskingsprosjekta starta i 2019 og var eit samarbeid mellom Jærmuseet, Museum Vest, Museum Stavanger og Høgskulen i Volda. Eirik Gurandsrud frå Jærmuseet var medredaktør og medforfattar.

### HUMLEOPPDRETT

Museet starta i 2019 opp eit dokumentasjonsprosjekt om «**Humleoppdrett**», der me har intervjua personar som var med å starta opp organisert humleoppdrett i Norge. Første del av prosjekta (perioden 1990–2000) blei presentert i artikkelen *Commercial bumblebee breeding in Norway*, publisert av International Association of Agricultural Museums og i Sjå Jæren 2021. Andre del av prosjekta tar føre seg perioden 2000–2021, og blei ferdig hausten 2022. Artikkelen blei publisert på Jærmuseet si heimeside i februar 2023.

### PELSDYRPROSJEKTET

I juni 2019 vedtok Stortinget at innan 1. februar 2025 skulle alle norske pelsdyrfarmar vera nedlagde. Det var då snakk om ei næring med rundt 270 produsentar med tyngdepunkt i Trøndelag og Rogaland. Jærmuseet har som mål å vera det leiande museet innan dokumentasjon av det moderne landbruket og skal løfta fram tema som er aktuelle og relevante for folk i vår region. Dokumentasjon av pelsdyrnæringa er derfor eit prioritert prosjekt. Arbeidet kom godt i gang allereie i 2021. Jærmuseet har i 2022 invitert fleire museum inn som samarbeidspartnarar i prosjekta. Museet har intervjua og fotografert på åtte ulike pelsdyrfarmar i Rogaland, og fått historiar frå både reve- og minkoppdrett frå 1930-talet og fram til i dag. Me har filma produksjonen av pelsdyrför i Sirevåg.

Me har fått filma vanleg produksjon i minkhus, avlving og pelsing i 2022. I tillegg er det samla inn ein god del arkivmateriale, foto og gjenstandar. Me har i tillegg gjort fleire intervju av pelsdyrbønder.

### MASTERSTUDENTAR

Ein masterstudent i historie ved UiS har arbeidd med prosjekta *Damene hos Øglænd*. Masteroppgåva *Synliggjøringen av de usynlige arbeidende kvinnene i et mannsdominert samfunn - Øglændkvinnenes usynlige arbeidshistorie* blei ferdigstilt våren 2022.

Jærmuseet skal ha ei berekraftig utvikling av samlingane sine. Samlingane skal vera relevante for forsking og formidling, for forteljingane om Jæren og historiene om Norge.

## FORVALTNING

Jærmuseet forvaltar eigne samlingar, samlingar på vegne av stiftarkommunane og samlinga til Stiftelsen Flyhistorisk Museum Sola. Samlingane er i all hovudsak knytt til dei prioriterte temaane museet arbeider med, og består av gjenstandar, arkivmateriale, intervju og anna minnemateriale, bygningar, kulturlandskap, hageanlegg og gamle husdyrrasar.

Ei kjerneoppgåve er å sikra og verna den materielle og immaterielle kulturarven for framtida.

Utstyr, som tilfredsstiller dagens krav om forsvarleg handtering av samlingar, er kjøpt inn og tatt i bruk. Det er registrert 3654 og revidert 17 289 postar i primus. I tillegg er den digitale bevaringshandboka tatt i bruk og vert stadig forbetra.

Det er også i 2022 gjennomført aktiv innsamling på to felt: pelsdyrnæringa og Braathens SAFE.

**Arkiv:** Museet fekk tilslag på søknad til Arkivverket om ekstra midlar til ordning av pelsdyrarkivet i 2021. Me fekk engasjert ein arkivar for dette prosjektet i 2022 som seinare har gått inn i fast stilling som arkivar på Jærmuseet. Mest alt av arkivmateriale i pelsdyrprosjektet er katalogisert, lagt inn i arkivplattforma Asta og mykje av materiale er skanna.

Foto/lyd: Heile den analoge film- og videosamlinga til Jærmuseet er pakka ned og sendt til Nasjonalbiblioteket for digitalisering. Den store fotosamlinga på 160 000 negativ frå fotografmeister Leiv Våge er vurdert etter faglege kriterium, i samråd med fotoarkivaren i Museumstenestene. Det er gjort eit utval på 1000 fotonegativ. Dei resterande 159 000 har blitt avhenda.

**Bygg:** Nytt digitalt bygningsarkiv er i drift. Bygningsvernundersøkinga frå 2019 viser at

forvaltinga av Jærmuseet sine antikvariske bygg er god. Etterslepet i vedlikehaldet av bygga blir stadig mindre. I 2022 har mellom anna Krossens Havremølle fått utbetra utvendig fasade, både murveggene og vindauge er rehabiliterte etter standardar for antikvarisk arbeide. Det gamle elektriske anlegget i løene på Grødal land er skifta ut med nye og meir energisparande lyskjelder.

**Sikringsarbeidet** held fram. Det er installert sprinklaranlegg på Vistnes, eit bygdetun med tre bygg. Til dette tiltaket har Kulturrådet og Stiftelsen UNI løvd kr. 960 000. Randaberg kommune stilte med 400 000 i underskotsgaranti. I tillegg har museet i 2022 fått løvd sikringsmidlar frå Kulturrådet for i alt 1,8 millionar kroner til sprinkling av Krossens Havremølle i Sandnes og Grødal land i Hå.

Brannsikring og rullering av sikringsplan er gjennomført. Utarbeiding av plan og rutinar for restverdirendning vert sett i gang 2022 og skal ferdigstillast 2023.

**IPM** – overvaking og utrydding av skadedyr er på plass. Ein av dei tilsette på museet har tatt eit kurs for bekjemping av skadedyr i 2022. Ho skal ha praksisdelen i 2023. Når dette er gjennomført har Jærmuseet, som første museum i landet, fått sin eigen skadedyrbekjempar.

### ANNA VEDLIKEHALDSARBEID:

- Vitengarden:** Utskifting av punkterte vindauge, installering av varmepumper, grønskebehandling av bygg, utskifting av spottar, generelt vedlikehald utført innomhus.

- Årleg skjøtsel av friluftslivs- og kulturuteområdet i Hanabergsmarka.



← Det vart gjort eit stort restaureringsarbeid på Krossens Havremølle. Handverkar Håvard Wøien fortel tilsette i Jærmuseet om arbeidet som er gjort.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

→ Lokomotivet frå Gann-Graveren er restaurert og står nå like utanfor Vitenfabrikken og kafé Hjernehøfde.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



### MUSEUMSTENSTENE / KONSERVERINGSTEAMET

Jærmuseet er arbeidsgjevar for dei tre konserverorane som har verkstad i magasinet til Norsk Oljemuseum i Dusavika. Konserverorane utgjer Museumstenestene i Rogaland, saman med fotoarkivaren på Haugalandmuseet og bygningsantikvaren på Ryfylkemuseet.

Konserverorane har hatt to særslig røynde europeiske arbeidskollegaer (konserverorar frå Italia og Latvia) i arbeid i delar av 2022. Konserverorane har behandla fleire gjenstandar frå ulike avdelingar i Jærmuseet, mellom anna ein gummiflåte og diverse batteri frå Heinkel-flyet på Flyhistorisk Museum Sola. Eit anna stort prosjekt er konservering av eit lokomotiv som blei kjøpt inn i 1939 av Graveren i Sandnes. Dette er reingjort, skrapa og malt slik at det nå kan stillast ut utandørs. Konserverorane har elles rekonstruert eit flysete som skal brukast i Braathens-utstillinga i Sømmevågen.

Fotoarkivaren har gitt råd knytt til rutinar for digitalisering av foto, vurdert og rapportert på fotografmeister Leiv Våge si samling, og vore med å organisera det store arbeidet med å klargjera og senda film/video til Nasjonalbiblioteket.

Bygningsantikvaren er ferdig med Jærmuseets digitale bygningsarkiv. Dette er overlevert. I tillegg har antikvaren vore brukt til å gje råd om klima, malingsanalysar og interiør.

Jærmuseet arbeider med å styrka grunnlaget for eigeninntekter, og legg til rette for godt samarbeid med næringslivet.

## ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

### Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Etter to år der drifta i større og mindre grad blei prega av pandemi, såg me fram mot meir stabile føresetnadjar. I starten av året blei verda prega av krig i Ukraina. Den ein pandemi gjorde det vanskeleg å spå eigeninntekter, fekk krigen verknadar på fleire kostnadsområde.

Når det gjaldt dei kommersielle inntektene våre, såg me endeleg at besøkstala blei meir stabile og på dei fleste områda låg me på den rette sida av måltala som var stt i forretningsplanen. Vitenfabrikken knuste alle rekordar kva gjaldt sal til laust publikum, medan Vitengarden gjorde det same på arrangementsida. Til saman enda me opp med heile 30 prosent høgare driftsinntekter enn budsjettet.

Samstundes skulle det visa seg naudsynt når kostnadjar på drivstoff, straum og fleire andre kostnadjar auka etterkvart som 2022 skreid fram. Spesielt skulle det visa seg at energikostnadane blei ei utfordring. Stor bygningsmasse og ein kald vinter gav oss rekordhøge kostnadjar på straum og gass.

Låge renter dei siste åra har gitt tilsvarende låge finansinntekter. I 2022 snudde denne trenden. Oppgang i rentemarknaden resulterte i eit stor hopp i finansinntektene, noko som i stor grad førte til eit positivt resultat på vel 1,7 millionar.

### Gåver, sponsor og prosjektmidlar

Jærmuseet har hatt eit godt samarbeid med private verksemder i regionen i mange år. Sjølv om dei fleste store sponsoravtalane våre er knytt til prosjekt, bidreg dei òg til at me kan fornya oss på utstilling- og formidlingsida.

Seks bedrifter har bidratt med prosjekt- eller driftsstøtte på om lag 3,6 millionar kroner. I tillegg har me motteke vel 14 millionar kroner i prosjektstøtte frå ulike offentlege instansar. I desse ligg blant anna tilskot frå Rogaland Fylkeskommune på 3 268 000 kroner til Konserveringsteamet, 2 000 000 kroner frå Utdanningsdirektoratet til Talentsenter, 1 900 000 kroner frå Kulturdirektoratet til sikring av antikvariske bygg, 970 996 kroner frå Kunnskapsdepartementet til Den teknologiske skolesekken, og 300 000



← Kokkane Stine Thiedesen-Hansen og Olga Marie Sharp serverer graut på den årlege stjernedagen for hundrevis av barnehagebarn.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

→ Dei tilsette hadde med seg familiene sine ein kveld på Vitenfabrikken, der både store og små koste seg med aktivitetar.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



av temperatur, justering av ventilasjon og innkjøp av eit mindre tal varmepumper. Me har søkt om straumstøtte via Enova sin støtteordning, men grunna forseinka saksbehandling er desse ennå ikkje innvilga. Me har òg søkt om diverse straumsparande tiltak som me håper å få sett i gang dei neste åra.

I 2022 opna også verda opp igjen som fysisk møteplass. Dette har gitt ein auke i reise- og transportkostnadane på mest 80 prosent eller 1 million i forhold til 2021. Personalkostnadane auka med 6 prosent eller om lag 2,7 millionar. Dette skuldast ein blanding av eit høgt lønnsoppgjer, og ein auke i bruk av timeløna personale som følge av høgare aktivitetsnivå.

### Finansar og risikovurdering

Likviditeten er omtrent uendra frå 2021, men Jærmuseet er nå kome opp på nivået ein hadde før dei større bygga på Kvía blei reist. I løpet av 2022 nær dobla innskotsrentene seg, og finansinntektene hamna på heile 2,2 millionar.

Leiinga i Jærmuseet vurderer den finanzielle risikoene som svært låg på nåværende tidspunkt. Me har ei god og stabil kontantbeholdning som er plassert i bank med tilhøyrande låg risiko, og ein solid eigenkapital. Jærmuseet har låg gjeldsgrad og overheld dei løpende pliktene. Me ser òg at pensjonsnivået har stabilisert seg på eit langt lågare nivå etter overgangen til forsikra tenestepensjon for dei fleste tilsette.

**Styret vil takka alle tilsette i Jærmuseet for godt utført arbeid i 2022!**



← Kodedagar er populære! I 2022 arrangerte me kode-dagar saman med Equinor. Vertane stod klare og ønskte gjester velkommen til gratis inngang og eit variert program.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

→ Kokkane våre tilbyr catering, og på Tungenes fyrt vart det servert middag med god dessert for museumskollegaer frå heile landet.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet




Då direktør Målfrid Snørteland takka for seg, ga ho klubba vidare til Jærmuseet sin nye direktør, Atle Fiskaa.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



## Fordeling av inntekter 2022

Sponsormiddel og prosjektmiddel er kun brukte middel i 2022. For mottekne middel i 2022 sjå årsrekneskapen, note 3.



## ORGANISASJON OG ADMINISTRASJON

### Styret

Pr. 31.12.2022 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

Endre Skjørestad, styreleiar

Eli Ulveseter

Reid Ivar Bjorland Dahl

Henry Tendenes

Jonas Skrettingland, nestleiar

Kjetil Maudal

Øystein Stjern

Julian F Osorio

Anja Berggård Endresen

Unni S Fuglestad

Stian Ravndal

Siv Renate Salte Mjåtveit

Jærmuseet har teikna forsikring for styreansvar.

### Vara:

1. vara: Torleiv Bilstad
2. vara: Anne Brit Ree
- Svanhild Løge Skålheim
- Torbjørn Fjermestad
- Svein Høyland
- Else Hauge
- Ivar Walde
- Susanna Aske Bredenbekk
- Svein Skeie
- Petter L Stabel
- Cathrine Trettenes
- Ingunn Aase Hovelsrud

### Årsverk

Jærmuseet hadde i 2022 73,4 årsverk inkludert vertar, ekstrahjelp og tre konservatorar som er del av museumstenestene i Rogaland. Dette er ein auke på 1,2 årsverk i høve til 2021.

58,7 av årsverka er faste og mellombels tilsette. 14,7 årsverk er vertar og timeløna ekstrahjelp. Me har òg leigd inn 0,5 årsverk som vikar. I tillegg har me kjøpt fri ein pedagog frå Tysvær kommune i 40 prosent stilling heile 2022, for å bidra med formidling i Nord- Rogaland for vårt omreisande vitensenter, Science Circus.

Det er utført 4 årsverk av frivillige på dei ulike musea våre.

I gjennomsnitt fekk 136 personar løn eller honorar frå Jærmuseet kvar månad i 2022, medan det totalt er rapportert inn 218 unike personar til skatteetaten for året. Gjennomsnittsalderen for faste og mellombels tilsette er 47 år, og 22 år for vertar/timeløna. Alle tilsette nyttar eit elektronisk timeregistreringssystem som gir oversyn over kor ein har jobba, og kva oppgåver ein har jobba med.

### Administrative system

Jærmuseet treng å ha effektive prosessar, og nyttar oppdaterte digitale verktøy på dei fleste administrative områda.

### Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Av dei 60 faste og mellombels tilsette per 31.12.2022, er 35 kvinner og 25 menn. To av kvinnene og ein mann er mellombels tilsette. Av dei 60 tilsette er det 11 som jobbar deltid, kor ni er kvinner og to er menn.

Direktør og fire avdelingsleiarar er menn, to avdelingsleiarar er kvinner. Styret består av fire kvinner og åtte menn, inkludert styreleiar.

Jærmuseet er opptatt av mangfold og at det ikkje skal vera diskriminering i organisasjonen. Ein detaljert rapport, og utgreiing om likestilling og mangfold i museet er under utarbeiding. Rapporten vil verta gjort tilgjengeleg på heimesida innan utgangen av første halvår 2023.

### Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Sjukefråværet blant faste og mellombels tilsette var i 2022 på 5,0 %. Dette er 1,5 prosentpoeng høgare enn i 2021. 1,5 % er eigenmeldt fråvær, 1,7 % er sjukemeldt korttidsfråvær og 1,8 % er

langstidsfråvær. Det er sjukemeldt langtidsfråvær som størst auke frå året før. Fråværet blant vertar er på 2,5 %, kor 2,0 % er eigenmeldt og 0,5 % er sjukemeldt fråvær. Me kjenner ikkje til at noko av fråværet er arbeidsrelatert.

Verksemda driv systematisk HMS-arbeid med særlege HMS-tema for kvar månad. Arbeids- og miljøutvalet (AMU) består av fire representantar frå dei tilsette, inkludert hovudverneombod, og fire representantar frå leiinga, inkludert direktør.

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt, noko som blir stadfest i årlege arbeidsmiljøundersøkingar gjennomført i regi av AMU. Museet har skriftlege retningslinjer for konflikthandtering og varsling av kritikkverdige forhold.

Frå hausten 2022 har me hatt kontrakt med NAV på arbeidstrening for ein person. Me har månadlege personsamlingar for alle faste og mellombels tilsette.

### Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljøet. Museet har plan om å bli sertifisert som Miljøfyrtårn.

### Skadar og ulukker

Det er ikkje rapportert om vesentlege skadar eller ulukker i 2022. Me har heller ikkje hatt tjuveri eller tilløp til brann i løpet av året.

### Planar vedtatt av styret


I løpet av 2022 har styret vedtatt ny IT sikkerheitsplan, revidert plan for marknadsføring og kommunikasjon, og justering av sikringsplanen. Jærmuseet er omfatta av den nye openheitslova som blei satt i kraft 1.juli 2022. Me har starta arbeidet og vil presentera ein rapport for styret innan fristen 30.juni 2023.

### Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle nye tiltak og planar blir vurderte ut frå prinsippet om universell utforming. Mange av dei antikvariske bygga og eldre publikumsbygg krev betydelege investeringar dersom desse skal fylla krava om universell utforming.

Museet sine heimesider følgjer Difi sine retningslinjer for universell utforming. Følgjekort blir akseptert på alle avdelingane.

## Utførte årsverk fordelt på dei ulike avdelingane og anlegga i 2022



### Framleis drift

Årsrekneskapen for 2022 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Solid økonomi og sunn drift gjer at me framleis har eit godt handlingsrom. Museet vil likevel førebu og tilpassa organisasjonen til endra rammevilkår. Museet ser på det som særslite sannsynleg at offentlege tilskot vil falla vekk i overskodeleg framtid. Det blir med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å driva vidare.

Nærbo, 22. februar 2023

Endre Skjørestad Reid Ivar Bjorland Dahl  
Jonas Skrettingland Siv Renate Salte Mjåtvæit  
Øystein Stjern Anja Berggård Endresen

Atle Fiskå  
direktør


### Utgreiling om årsrekneskapen og resultatdisponering

Styret meiner at framlagd rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2022 og økonomisk stilling ved årsskiftet. Det har ikkje oppstått forhold etter rekneskapsårets slutt som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.


Rekneskapen viser eit årsresultat på kr 1 739 971.




### SKULE- OG BARNEHAGEBESØK PER KOMMUNE 2022



### Fordeling av årsverk på arbeidsområde



### FORDELING BESØKstype 2022



## OPNE PUBLIKUMSARRANGEMENT 2022

- i regi av Jærmuseet

### Vitenfabrikken

26.02-06.03	Vinterferie med aktiviteter	1.10	Forskningsdagene 2022: Museumsørdag
12.03	Aktivitetsdag: Matematisk familieliedag	8.-16.10	Høstferie med aktiviteter
26.03	Den store klesbytte- og fiksedagen	22.10	Aktivitetsdag: Barnas Ingeniørdag
9.-18.04	Påske med EGGstreme EGGsperiment	25.10	Solformørkelsen!
23.-24.04	LEGO kodehelg	9.11	Schizofrenidagene, foredrag: Og så ble det stille!
		11.-12.11	Regional finale, First Lego League
15.06	Utstillingsåpning: De tre små griser	25.11	Utstillingsåpning: Nisselfabrikken
JULI	Sommerprogram	7.12	Utstillingsåpning: Ny astronomi- og romfartsutstilling
11.09	Kulturminne- og mølledag: Havre - fra bondekost til trendy mat		
23.-24.09	Sandnes Skaperfestival		

### I tillegg:

Idéverksted og UngdomsMakerspace kvar onsdag kveld utanom ferier.

### Vitengarden

26.02-06.03	Vinterferieprogram med aktivitetar	JULI	Sommarferieprogram med ulike aktivitetar
10.04	Eggande aktivitetsdag	25.09	Aktivitetsdag: Det viktige matkornet
24.04	Aktivitetsdag: 4H- og skogdag	10.-14.10	Haustferie, potet som tema
15.05	Aktivitetsdag: Fugledag	5.11	Tråd på pinnen – strikkedag
22.05	Aktivitetsdag: Teknikkens dag	13.11	Aktivitetsdag: Mjølk som råvare
12.06	Aktivitetsdag: Bier og humler	27.11	Aktivitetsdag: Jul i gamle dagar

### Tungenes fyr

19.03	Salgsutstilling	22.09	Hundre på Tungenes: Konsert med Hanne Vasshus
26.03	Konsert: Moddi – Bråtebrann	25.09	Barnas Kapittel: Papillon
12.04	Hundre på Tungenes: Konsert med Bård Halsne	25.09	Forskningsdagene 2022 – Debatt «Den nye fisken»
31.05-1.06	Hundre på Tungenes: Konsert med John Grant	6.10	Hundre på Tungenes: Konsert med Malmin og Åshild Vetrhus
26.05	Konsert: En spasertur rundt Montmartre med Erik Satie	26.10	Hjemsokt litteratur- og fortellerfestival
5.09	Hundre på Tungenes: Konsert med Mary Ocher	1.12	Hundre på Tungenes: Konsert med Kristine Hovda

### Grødalastunet

22.05	Hagedag	11.09	Gamle leiker, spel og eplekaker
21.08	Trivselsbygda di		

### Varden Sjøredningsmuseum

28.08	Aktivitetsdag: Sjøredning
-------	---------------------------

### Haugabakka

26.06	Utstillingsopning: Trygve og Torvald – bilete frå eit familiealbum
-------	--



← Folk koste seg i hagen under den årlege aktivitetsdagen på Grødeland.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

→ Tungenes fyr hadde fleire utselde torsdagskonsertar. Eit av årets store høgdepunkt var konsertane til John Grant.

Foto: Jærmuseet



### Garborgsenteret

25.01	Garborgdagar: Forfattarsamtale med Rune Salvesen
26.01	Garborgdagar: Min Garborg ved Ingrid Fiskaa
27.01	Garborgdagar: Trette menn, foredrag ved Per Buvik
27.01	Garborgdagar: Bokbad med Marit Eikemo
29.01	Garborgdagar: Garborg og fantane ved Sigbjørn Reime
29.01	Garborgdagar: Heimfødingar, forfattarane Rimbereid og Nielsen
30.01	Garborgdagar: Trette menn-marsjen
22.02	Samtale om bunadbruk
26.02-6.03	Vinterferieprogram med aktivitetar
29.03	Barnefattigdom i Norge
22.04	Fordjupingsmeisterskapen 2022

12.05	Litterær lunsj: 10 på topp med Inger Undheim
9.07	Ranglerock for spåsporvar
31.08	SLAM!
21.09	Huldfest med Uri, Rajah og Drangsholt
24.09	Utstillingsopning: Eg e naboen din!
1.10	Jorddøgn kortfilm: KORTFILM: Field Report/ Shahrzad Malekian
1.10	Jordøgn barneshow: Om Hulda!
13.10	Haustferie: Lag teikneserie med Ørjan!
19.10	Laurdagstimen: Frå odel til litterært fellesøige!
19.10	Resurfacing med moco movement collect

### Flyhistorisk Museum Sola

22.05	Wings & Wheels
-------	----------------

18.-19.06 Rikssamlingsjubileet

### Vistnestunet

24.04	Sesongopning med hagelaget
22.05	Vårrengjøring langs kysten

25.09 Traktor- og korndag

### Limagarden

15.05	Hagedag
18.09	Aktivitetsdag med Firkloveren 4H

25.09 Fiskedag i Limavatnet

16.10 Smaksrik aktivitetsdag med Gjesdal bygdekvinnelag

### Knudaheio

21.04	Turorientering
-------	----------------

17.-19.06 Sommarkveldar i Knudaheio: konsertserie



← Astronautkandidat Nima Shahinian var med på opninga av utstillinga om astronomi og romfart på Vitenfabrikken, og det var det fleire som tykte var stas.

→ Romskipet er hovedattraksjonen i utstillinga. Her er det mange spennande eksperiment.

Begge foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



← Maling av korn på Vistnestunet.

Foto: Jærmuseet

→ Potet var temaet i haustferien på Vitengarden. Pedagog Monica Karlsen laga mange potekaker saman med gjestene i kjellaren til gammahuuset på garden.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



## FORDELING PÅ KLASSESTEG OG ANLEGG I 2022 OG 2021:

medrekna Hå gamle prestegard

	Vitengarden		Vitenfabrikken		Science Circus		Garborgsenteret**		Tungenes fyr		Grødal/Varden		Limagarden		Haugabakka		Vistnestunet		FMS		SUM Jærmuseet		HGP		SUM inkl. HGP		
	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	
<b>Barnehagar</b>	3054	3453	3064	963	0	0	290	187	0	0	463	324	146	187	90	36	0	0	0	0	7107	5150	0	0	7107	5150	
<b>Barnetrinnet</b>	8692	6547	5732	7574	9552	4562	420	680	160	321	0	0	1130	696	91	292	515	330	44	481	26336	21483	0	0	26336	21483	
<b>Ungdomstrinn</b>	3121	3842	5724	2468	1342	3094	230	808	250	224	0	0	317	205	0	0	43	111	514	112	11568	10864	0	0	11568	10864	
<b>Vgs. skular</b>	946	642	928	1080	128	0	1172	1010	0	0	0	0	0	0	0	0	0	106	30	144	155	3424	2917	0	0	3424	2917
<b>SFO, fritidsgr.</b>	1800	1242	986	655	0	0	71	87	0	0	314	372	225	434	0	0	185	354	0	0	3581	3411	0	0	3581	3144	
<b>Studentar</b>	278	240	866	542	37	0	843	49	0	0	0	13	31	19	0	0	0	0	234	307	2289	1170	0	0	2289	1170	
<b>Sum</b>	17891	15966	17300	13282	11059	7656	3026	2821	410	545	777	709	1849	1541	181	328	849	825	963	1055	54305	44728	550	157	54855	44885	
<b>Ferie/fritid</b>	22706	20269	46926	31146	436	0	2532	4819	16757	13137	1076	191	559	400	123	210	4446	2842	10273	8593	105834	81607	3500	30000	140834	111607	
<b>Bedrift/utleige</b>	8632	4241	7098	4440	729	310	5843	898	21	0	40	119	94	83	324	0	219	120	633	506	23633	10717	4450	907	28083	11624	
<b>Sum i alt</b>	49229	40476	71324	48868	12224	7966	11401	8538	17188	13682	1893	1019	2502	2024	628	538	5514	3787	11869	10154	183772	137052	40000	3106	223772	168116	

\*\*Inkl. tal frå Garborgheimen og Knudaheio

\*\*\*I tillegg besøker årleg rundt 20 000 Hå gamle prestegard som turområde, og 30 000 nyttar Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde.

FMS= Flyhistorisk Museum Sola, Torpedoverkstedet

HGP= Hå gamle prestegard



← Helene Uri, Tharaniga Rajah og Janne Stigen Drangsholt feira at Hulda Gartborg var blitt 160 år på Garborgsenteret.

Foto: Ingunn Aase Hovelsrud.



Gjesdal bondelag og Gjesdal bygdekvinnelag bidreg sterkt med historieformidling i Gjesdal. I formidlingsopplegget frå «Ull til tråd» viser Åse Søyland elevane koss dei skal kara før dei får prøva sjølv.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



← I forkant av OL i matematikk, hadde landslaget samling på Vitenfabrikken. David Strømme Eikeland frå Orstad var ein av landslagsdeltakarane.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

→ Både elevar og publikum generelt har fått prøvd seg på å dreie på Vitenfabrikken.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



På Varden sjøredningsmuseum arrangerer me kvart år ein aktivitetsdag. Der får barna prøve den gamle redningsstolen.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



↑ Skuleelever på besøk i Ljåfabrikken på Gjesdal.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

← Såpebobler er gøy på solfylte dagar. Her frå observasjonsterrassen til Vitenfabrikken.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



← Ferieklubben på Limagarden bygde tetaeder. Godt samarbeid i gruppa!

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

→ På utstillingsopninga av lukteutstillinga «De tre små griser» på Vitenfabrikken, blei gjestene møtt av ei smilande grisemor.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



← Elevane er med på undervisningsopplegg kor dei lærar om kor viktig det er å rydda i kulturlandskapet.

Foto: Jærmuseet

→ I utstillinga SNU på Vitengarden er det sett opp eit insektsvenleg område. Mon tru om insekta har flytta inn i hotellet deira?

Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet



← Ein skal tidleg krøkast viss ein skal bli entreprenør. I utstillinga «Det ska svara seg» på Vitenfabrikken er det stas å arbeide i krambunga og bruke det gamle kasseapparatet til Jonas Øglænd.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

# REKNESKAP

## Resultatrekneskap

	Note	2022	2021
Salsinntekter		5 758 018	4 469 042
Billett/arrangementsinntekter		6 278 181	4 529 942
Faste offentlege tilskot	2	54 887 282	55 714 052
Tilskot prosjekt	3	18 294 897	23 853 118
Avsetningsplikt ubrukte prosjektilskot	3	3 165 622	-11 555 297
Medlemskap/annonser		98 873	59 563
Andre inntekter	4	892 842	436 988
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>89 375 715</b>	<b>77 507 408</b>
Varekostnader		2 531 637	2 163 476
Personalkostnader	5	51 250 497	48 496 362
Inventar og utstyr		2 351 591	3 172 263
Driftskostnader bygg/anlegg		10 709 790	8 324 167
Vedlikehald utstyr/samlingar		1 763 486	1 439 708
Produksjon utstillinger		2 800 518	2 404 213
Kontor og administrasjonskostnader		2 105 107	2 133 287
Reiser/kurs/transport		2 474 225	1 391 203
Marknadsføring/publikumskostnader		8 168 439	2 933 815
Avskrivningar	6	2 472 534	2 533 016
Kjøpte tenester	7	1 726 000	1 154 592
Andre driftskostnader	8	1 285 834	852 580
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>89 639 658</b>	<b>76 998 682</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-263 943</b>	<b>508 726</b>
Renteinntekter		2 170 231	766 303
Renter byggetrinn II VF		-34 707	-13 847
Renter investering GS		-131 611	-67 065
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>1 739 971</b>	<b>1 194 117</b>
Overført prosjekt			300 000
Overført annan egenkapital		1 739 971	894 117
—			



↑ Garborgsenterets Inger Undheim (midten) var med på Nordic Talking Festival i Gdynia, Polen.

Foto: Maciej Lieder

← I del to av utstillinga «Fortellinger frå andre verdskrig» i Torpedoverkstedet, er fokuset på ein jødisk familie frå Stavanger. Utstillinga stod klar i juni.

Foto: Gunhild Hammeraas / Jærmuseet



← For første gong var Vitenfabrikken arena for Girl Tech Fest. Hundrevis av jenter i 5. klasse var med, og fekk møta mange bedrifter som hadde interessante workshop'er for dei. Blant anna fekk dei designe sin eigen app.

→ Frå den regionale finalen i verdas største kunnskaps- og teknologikonkurranse for barn, First Lego League.

Foto: Jærmuseet



## Balanse

	Note	2022	2021
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
Byggetrinn 1&2	1,6	18 103 310	18 793 143
Anlegg	6	21 363 812	21 766 837
Kontorinventar/utstyr	6	3 264 128	3 659 470
EDB-utstyr/kassasystem	6	802 389	1 082 633
Bilar/transportmidlar	6	547 781	953 019
Samlinger		200 000	200 000
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>44 281 420</b>	<b>46 455 102</b>
Innskot COOP		7 169	6 821
Eigenkapitaltilskot KLP		808 084	808 084
KulturIT AS	11	200 000	200 000
Andre aksjer/andelar	11	32 000	32 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>1 047 253</b>	<b>1 046 905</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>45 328 673</b>	<b>47 502 007</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Varelager	9	968 811	988 734
FORDRINGAR			
Kundefordringar		681 342	329 949
Meirverdiavgift		562 357	973 937
Andre kortsiktige fordringar		1 134 052	1 562 913
<b>Sum fordringar</b>		<b>2 377 751</b>	<b>2 866 799</b>
Bankinnskot og kontantar	10	66 105 968	66 198 005
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>69 452 530</b>	<b>70 053 538</b>
<b>Sum eidegar</b>		<b>114 781 203</b>	<b>117 555 545</b>

## Balanse

	Note	2022	2021
<b>EIGENKAPITAL</b>			
Grunnkapital		200 000	200 000
Fond vedlikehald	12	4 946 572	4 946 572
Fond prosjektavsetning	12	18 800 000	18 800 000
Annan eigenkapital	12	12 215 822	10 475 851
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>36 162 394</b>	<b>34 422 423</b>
<b>GJELD</b>			
<i>Ubrukte øyremerka midlar</i>			
Ubrukte midlar, byggetrinn 1 og 2	1,3	18 358 498	19 048 331
Ubrukte midlar, magasin og kontorbygg	3		
Andre øyremerka tilskot	3	38 481 437	40 957 557
<b>Sum ubrukte øyremerka midlar</b>		<b>56 839 935</b>	<b>60 005 557</b>
Pensjonsforpliktelser	5	7 731 101	8 459 323
Langsiktig gjeld Hå komm.		288 000	288 000
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Vennelaget		18 413	13 613
Leverandørgjeld		4 806 827	5 728 836
Skuldig skattetrekk		1 628 803	1 518 051
Skuldig arbeidsgjevaravgift		1 674 303	1 555 723
Skuldige feriepengar		4 158 628	4 084 937
Påløpt løn		1 322 830	1 306 867
Anna kortsiktig gjeld		149 968	172 217
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>13 759 772</b>	<b>14 380 244</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>78 618 808</b>	<b>83 133 124</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>114 781 203</b>	<b>117 555 545</b>

Nærø, 22. februar 2023

Endre Skjørestad Styrelseiar	Jonas Skrettingland Nestleiar	Reid Ivar Bjorland	Øystein Stjern
Henry Tendenes	Unni S Fuglestad	Eli Ulveseter	Kjetil Maudal
Siv Renate Salte Mjåtveit	Stian Ravndal	Anja Berggård Endresen	Julian F. Osorio
Atle Fiskå Direktør			

## Notar

### NOTE 1 – REKNESKAPS PRINSIPP

Årsrekneskap 2022 er sett opp i samsvar med rekneskapslova, god rekneskapsskikk og forskrifter om rekneskapsføring.  
 Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er postar som forfell innan eit år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.  
 Omløpsmidlar er vurdert til det lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på tidspunktet for opptak.  
 Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskostnad. Ved varig verdifall vil anleggsmidlar bli nedskrivne til verkeleg verdi. Langsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### Vedlikehald

Kostnader til vedlikehald blir ført fortløpende. Oppgradering skal vurderast som investering og aktiverast.

NOTE 2 – TILSKOT TIL DRIFTA	2022	2021
Kulturdepartementet KUD, eks. HGP	20 405 000	20 005 000
Stimuleringsmidlar KUD		2 395 000
Kystverket SD	1 400 000	1 369 477
Rogaland fylkeskommune	10 556 500	10 249 000
Kontingent frå stiftarkommunar	3 316 622	3 190 716
Vertskommunetilskot frå kommunar	10 209 160	9 804 859
Forskningsrådet, vitensenterdrift KD	9 000 000	8 700 000
<b>Sum tilskot</b>	<b>54 887 282</b>	<b>55 714 052</b>

NOTE 3 – ØYREMERKA TILSKOT PROSJEKT	2022	2021
Næringslivet/bedrifter*	3 615 500	3 927 500
Kulturdepartementet (KUD)	2 027 500	6 896 851
Kulturdirektoratet	1 873 340	
Forskningsrådet (KD, Offentleg PhD)	526 867	596 733
Utdanningsdirektoratet (Talentsenter)	2 000 000	2 000 000
Kunnskapsdepartementet (Super:bit)	970 996	648 985
Vitensenterforeninga/Nat.fag.senteret	386 286	286 106
Rogaland fylkeskommune (Konserveringsteam Rog.)	3 422 500	3 323 000
Kommunar/anna offentleg	2 663 037	4 787 776
Private gåver/inntekt	637 844	1 304 690
Renteinntekter m.m	171 027	81 477
<b>Totalt</b>	<b>18 294 897</b>	<b>23 853 118</b>

\*Dette inkluderer følgjande bidragsytare: Equinor, Forus Næringspark, Vår Energi, Total E&P, Lyse, Øglænd industrier.

### Overførte prosjektmiddel

Tilskot 2022	18 294 897
Bruk 2022	21 460 519
<b>Meirbrukte tilskot</b>	<b>-3 165 622</b>

### IB 2022:

Bygg Vitengarden 01.01.22	19 048 331
Øyremarka tilskot 01.01.22	40 957 227
<b>Sum IB 01.01.22</b>	<b>60 005 558</b>

Nettoført midlar mot magasinbygg

Meirbrukte tilskot 2022	-3 165 622
<b>Overført til 2023</b>	<b>56 839 936</b>

Bygg Vitengarden 31.12.22	18 358 498
Øyremarka tilskot 31.12.22	38 481 437

## Notar

NOTE 4 – ANDRE INNTEKTER	2022
Refusjon diverse utlegg	575 028
Diverse inntekter	126 826
Oppdrag/kurs/bilete	77 286
Kundeutbytte	73 058
Jordbruksinntekt	40 644
<b>Totalt</b>	<b>892 842</b>

NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER	2022
<b>Spesifikasjon personalkostnader</b>	
Lønskostnader	40 215 345
Honorar	166 502
Arbeidsgjevaravgift	5 740 659
Pensjonskostnader	4 345 250
Personalforsikring	130 116
Andre personalkostnader	652 625
<b>Totalt</b>	<b>51 250 497</b>

Løn til dagleg leiar utgjorde kr 1.068.750  
 Honorar til styreleiar kr 70 000

Det er ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit for lån til direktør, styremedlemmar eller tilsette i stiftinga.

Jærmuseet har hatt 73,4 årsverk i 2022.

### Spesifikasjon av pensjon

Stiftinga Jærmuseet sitt pensjonsansvar er regulert i tariffavtalen, «Landsoverenskomst for museer og andre kulturinstitusjoner» og var fram til 31.12.2019 dekkja med tenestepensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse, KLP.

Frå 01.01.2020 vart alle 100% arbeidsføre tilsette, under 52 år, overført til ny pensjonsordning levert av Storebrand. Ny ordning er såkalla hybridpensjon med avkastningsgaranti. Denne ordninga gir livsvarig utbetaling av pensjon og omfattar òg uførepensjon. Ektefellepensjon og barnepensjon er ikkje omfatta av ordninga, men er erstatta av utvida gruppelivsforsikring på 10G. I tillegg er det etablert privat AFP-ordning for dei som har pensjonsordning via Storebrand.

Tilsette som ikkje er overført til ny pensjonsordning fortset oppteninga i KLP, inkludert offentleg AFP-ordning. Alle nye tilsette vert meldt inn i ny ordning.

### Tal for pensjonskostnad og pensjonsskyldnader iflg. NRS-berekning 2022 KLP

Medlemsstatus:	2022	2021
Tal aktive	15	20
Tal oppsette	277	277
Tal pensjonar	36	32
Gjennomsnitts pensjonsgrunnlag	456 459	425 399
Gjennomsnitts alder	60,14	59,94
Gjennomsnitts tenestetid	20,09	17,61
Forventa gjenståande tenestetid, aktive		

## Notar

<b>Netto pensjonskostnader</b>	2022	2021
Oppening	1 731 618	1 881 965
Rentekostnad	1 193 478	1 016 185
Brt. pensjonskostnad	2 925 096	2 898 150
Forventa avkastning	-2 122 583	-1 635 863
Adm.kostn/rentegaranti	109 314	105 398
Nto. Pensjonskostnad	911 827	1 367 685
Arb.gj.avg. nto. pensj.kostnad inkl adm.kost	128 568	192 844
Estimatavvik inkl. arb.g.avg.		
<b>Netto pensjonskostnader</b>	<b>1 040 395</b>	<b>1 560 529</b>
-herav arb.gj.avg. estimatavvik		

<b>Pensjonsskyldnader</b>	2022	2021
Påløpne pensjonsskyldnader	62 726 533	62 052 543
Pensjonsmidlar	59 875 592	57 616 288
Nto. skyldnad før arbeidsgiveravgift	2 850 941	4 436 255
Arb.gjevaravgift	401 983	625 512
Nto. skyldnad inkl arbeidsgiveravgift	3 252 924	5 061 767
Estimatavvik	3 924 781	2 977 699
Estimatavvik arbeidsgiveravgift	553 396	419 858
<b>Netto pensjonsmidlar/-skyldnad inkl. arb.g.avgift</b>	<b>7 731 101</b>	<b>8 459 324</b>

<b>Grunnlag for utrekningar</b>	2022	2021
Diskonteringsrente	3,00 %	1,9 %
Forventa lønsvekst	3,50 %	2,75 %
Vekst grunnbeløp folketrygd	3,25 %	2,50 %
Forventa pensjonsregulering	2,63 %	1,73 %
Forventa avkastning fondsmidlar	5,20 %	3,70 %

### NOTE 6 – VARIGE DRIFTSMIDDEL

Jærmuseet har næringslivsforsikring med dekning for skade på publikum, eidegar og driftstap. Våre bygg er fullverdiforsikra. Premiegrunnlag for hovedbygget på Nærø er kr. 115.872.000. For våre andre eideommar var premiegrunnlaget i 2022 totalt kr. 99.584.000, der det underjordiske magasinet utgjer 29.466.000 og administrasjonsbygget 39.952.000 av dette talet.

<b>BYGNINGAR</b>			
	Trinn 1	Trinn 2	Sum
Bokført 01.01.22	8 885 715	9 907 428	18 793 143
Avskriving 2022	370 239	319 594	689 833
<b>Kostpris 31.12.22</b>	<b>18 511 918</b>	<b>15 979 718</b>	<b>34 491 636</b>
Tot.nedskr. pr. 31.12.22	8 515 476	9 587 834	18 103 310

Varige driftsmidlar i tabellen over er hovedsakleg finansierte med offentlege tilskot.

## Notar

Eigedom som er finansiert med offentlege midlar kan ikkje danna grunnlag for pant til lån utan samtykke frå kulturdepartementet. Den kan heller ikkje omsetjast i den vanlege eigedomsmarknaden.

	Inventar/ utstyr	IKT-system	Transport- midlar	Bygg og anlegg	Tomter	Sum
Bokført 01.01.22	3 659 462	1 082 652	952 935	21 643 766	123 080	<b>27 461 895</b>
Tilgang 2022	298 852					<b>298 852</b>
Ord. avskriving	694 194	280 244	405 238	403 026		<b>1 782 702</b>
<b>Bokført 31.12.22</b>	<b>3 264 120</b>	<b>802 408</b>	<b>547 697</b>	<b>21 240 740</b>	<b>123 080</b>	<b>25 978 045</b>

Jærmuseet nyttar kr 50 000 som nedre beløpsgrense ved vurdering av balanseføring kontra resultatføring av varige driftsmiddel. Det vert nytta lineær avskriving.

NOTE 7 – KJØPTE TENESTER	2022
Konsulenthjelp/kostnadar byggeteknisk	238 253
Innleid personale samlingsforvaltning	393 846
Innleide konsulenttenestar utstilling/formidling	714 752
Revisjonstenester	126 832
Konsulenthjelp datasystemer	85 930
Posttenester	70 996
Diverse tenester	66 986
Innleid hjelp gardsdrift	28 405
<b>Total</b>	<b>1 726 000</b>

Godtgjersle til revisor:  
Revisjonshonorar utgjer i 2022 kr. 126.832.

NOTE 8 – ANDRE DRIFTSKOSTNADER	2022
Utlegg med refusjon	441 944
Møteutgifter/representasjon/gåver	174 655
Kontingentar	374 285
Publikasjonar	143 564
Kostnader gardsdrift	134 284
Renter, gebyr og valuta	17 102
<b>Total</b>	<b>1 285 834</b>

## Notar

### NOTE 9 VARELAGER

Varelageret som består av ferdigvarer, er oppfelt pr. 31.12.2022 og verdien er vurdert til inntakskost.

### NOTE 10 BUNDNE MIDLAR


Av totale bankinnskot på kr. 66.113.137 utgjer kr. 1.628.803 bundne skattetrekksmidlar. Totale bundne midlar knytt til øyremerka prosjekt utgjer kr. 38.481.437.

### NOTE 11 AKSJER

Jærmuseet eig 200 aksjer pålydande kr. 1000,- per aksje i KulturIT AS, samt andelar i Nores SA til ein verdi av kr. 20.000 og Nortura SA til ein verdi av kr. 12.000.

### NOTE 12 EIGENKAPITAL

Av årets resultat set me av kr. 1.739.971 til fri eigenkapital. Kr. 4.946.572 av eigenkapitalen er sett av på eigen konto og merka framtidig vedlikehald. Kr. 18.800.000 er sett av til prosjekt og kr. 12.215.822 til fri eigenkapital.



#### BILTEKST – FRAMSIDE


[1] Surdeigsbrød laga på aktivitetsdagen ↔ på Grødalastunet. Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

[2] Etter 35 år i rolla som direktør for Jærmuseet. Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

[3] Vassdansen er ei utstilling der barna får programmera vasstrålene. Den opna i mai på Vitengarden.

Foto: Merethe Opstad / Impress

[4] I desember opna ei ny utstilling om astronomi og romfart på Vitenfabrikken. Hovudattraksjonen er eit romskip, der ein kan reisa ut til ulike planetar. Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



#### BILTEKST – BAKSIDE

[1] Fylkesordførar i Rogaland, Marianne Chesak, brølte for klimaet under opninga av Klimabølet på Vitenfabrikken.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

[2] Den skal tidleg krøkast den som ein god mjølkebonde skal bli. Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

[3] Solnedgang på Vitengarden Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

Stiftinga Jærmuseet er regionalt vitensenter for Sørvestlandet og regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

## – møtestad mellom natur, kultur & teknologi

[www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no)



- ① VITENFABRIKKEN
- ② VITENGARDEN
- ③ GARBORGSENTERET
- ④ GARBORGHEIMEN
- ⑤ KNUDAHEIO
- ⑥ TUNGENES FYR
- ⑦ FLYHISTORISK MUSEUM SOLA
- ⑧ TORPEDOVERKSTEDET
- ⑨ GRØDALAND
- ⑩ LIMAGARDEN
- ⑪ VISTNESTUNET
- ⑫ HAUGABAKKA
- ⑬ VARDEN SJØREDNINGSMUSEUM
- ⑭ HÅ GAMLE PRESTEGARD



JÆRMUSEET sitt hovedkontor ligg på Vitengarden, Nærø  
Besøksadresse hovedkontor: Kvivegen 99, Nærø  
Postadresse: Postboks 250, 4367 Nærø  
Sentralbord: **477 76 020**  
Epost: [post@jaermuseet.no](mailto:post@jaermuseet.no)

[youtube.com/jaermuseet](https://youtube.com/jaermuseet)

#jaermuseet

[facebook.com/jaermuseet](https://facebook.com/jaermuseet)

[www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no)